

REFERAT
FRÅ
GENERALFORSAMLING 2014

Tid : Tysdag 8. april 2014, klokken 1000
Stad : Kunnskapshuset Sæ

<i>Til stades:</i>	<i>Antall aksjar</i>	<i>Stemmetall</i>
Stord kommune	423 aksjar	3
Fitjar kommune	260 aksjar	2
Hordaland fylkeskommune	100 aksjar	1
Sør-Norge Aluminium AS	15 aksjar	1
Vågen AS	6 aksjar	1
SIVA	140 aksjar	2
Opero AS	5 aksjar	1
Atheno AS	20 aksjar	1
Stord Næringsråd	115 aksjar	1
Fitjar Næringsråd	115 aksjar	1
Til sammen	1 199 aksjar	14

Sakliste:

- Sak 1: Velkomst og opning av generalforsamlinga
 - 1.1. Møteleiar – erstattar for styreleiar
 - 1.2. Godkjenning av innkalling – fullmakter og stemmetal
 - 1.3. Godkjenning av saksliste
- Sak 2: Val av ein person til å skriva under møteboka saman med møteleiar
- Sak 3: Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 4: Styret si årsmelding for 2013
- Sak 5: Årsrekneskap for 2013
- Sak 6: Orientering om verksemda i selskapet per 2014
- Sak 7: Retta emisjon i selskapet
- Sak 8: Vedtektsendringar
- Sak 9: Fastsetjing av godtgjersle til styremedlemar
- Sak 10: Godkjenning av godtgjersle til revisor
- Sak 11: Val av revisor
- Sak 12: Val av styre
- Sak 13: Val av valkomité

Sak 1: Velkomst og opning av generalforsamlinga

1.1. Møteleiar – erstattar for styreleiar

Børge Pedersen ynskte velkomen og orienterte om at han som styremedlem stiller i styreleiar sin stad, og at han med det i fylgje vedtektene, er generalforsamlingas ordstyrer.

1.2. Godkjenning av innkalling – fullmakter og stemmetal

Vedtak:

Innkallinga vert godkjent.

Mottekne fullmakter vert godkjent.

Tal på aksjar tilstades er 1199 og tilhøyrande stemmetal er 14.

1.3. Godkjenning av saksliste

Vedtak:

Sakslista vert godkjent.

Sak 2: Val av ein person til å skriva under møteboka saman med møteleiar

Vedtak:

Anne-Grete Sandtorv er vald til å skrive under møteboka saman med møteleiar.

Sak 3: Styret si årsmelding for 2013

Vedtak:

Styret si årsmelding er godkjent slik ho ligg føre.

Sak 4: Årsrekneskap for 2013

a) Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse

Vedtak:

Rekneskapet er godkjent slik det ligg føre.

b) Disponering av overskot

Vedtak:

Overskotet på kr 84 608 vert lagt til eigenkapitalen.

Sak 5: Orientering om verksemda per 2014

Dagleg leiar orienterte om aktuelle forhold innan og kring selskapet. Presentasjonen vart teken til orientering.

Sak 6: Retta emisjon i selskapet

Signert avtale om kjøp av aksjar var motteke frå fylgjande bedrifter:

Bedrift	Aksjepost	Kapitalinnskott	Samla aksjepost
Wärtsilä Norway AS	250 aksjar	250 000 kr	250 aksjar
Apply Leirvik AS	102 aksjar	102 000 kr	200 aksjar
Kværner Stord AS	194 aksjar	194 000 kr	500 aksjar
Harding Safety AS	200 aksjar	200 000 kr	200 aksjar
Westcon Group AS	182 aksjar	182 000 kr	200 aksjar
Eidesvik Invest AS	200 aksjar	200 000 kr	200 aksjar
Advantec AS			
	1 128 aksjar	1 128 000 kr	

Fullmakt til styreleiar om teikning av aksjar var lagt fram frå dei ovannemnde bedriftene.

Vedtak:

a) Aksjekapitalen vert auka med kr 1 128 000 frå kr 2 093 000 til kr 3 221 000 gjennom teikning av aksjar i denne generalforsamlinga – totalt 1 128 aksjer pålydande kr 1 000. Det kal betalast kr 1 000 per aksje.

Tildeling av styrefullmakt:

- b) Styret vert gitt fullmakt frå generalforsamlinga til å auke aksjekapitalen gjennom ytterlegare teikningar, med kr 1 279 000 opp til kr 4 500 000. Fullmakta gjeld for tidsrommet 08.04.2014 - 07.04.2016, jfr AL § 10-14
- c) Aksjeeigarane sin fortrinnsrett til kjøp av aksjar kan fråvikast, jfr AL § 10-4 og § 10-5.
- d) Fullmakta omfattar ikkje kapitalauke mot innskudd i andre egedelar enn pengar, eller rett til å pådra selskapet særlege plikter, jfr AL § 10-2
- e) Selskapet har ei aksjeklasse.
- f) Fullmakta omfattar ikkje vedtak om fusjon, jfr AL §13-5
- g) Dei nye aksjane vert gitt ordinære rettigheter på line med allereie eksisterande frå det tidspunkt kapitalauken er registrert i Føretaksregisteret.
- h) Styret har fullmakt til å foreta nødvendige vedtektsendringar i samband med auke av aksjekapitalen.

Sak 7: Vedtektsendringar

Vedtak:

Vedtektene vert endra slik slik det går fram av vedlegg.

Sak 8: Innkomne forslag

Det var ikkje kome inn forslag til saker for handsaming på generalforsamlinga.

Sak 9: Fastsetting av godtgjersle til styret

Vedtak:

Honorar til styreleiar er kr 60 000 + kr 2 000 per møte. Honorar til styret sine andre medlemar er kr 8 000.

Sak 10: Godkjenning av godtgjersle til revisor

Vedtak:

Honorar til revisor på kr 109 340 vert godkjent.

Sak 11: Val av revisor

Vedtak:

KPMG vert vald som revisor for 2014.

Sak 12: Val av styre

Vedtak:

Øystein Matre (attval) og Justine Koløen (ny) vert valde som styremedlemar, begge for to år.

Sak 13: Val av valkomité

Vedtak:

Styrk Bekkenes vert vald for eit år og blir valkomiteens leiar

Sverre Olav Svarstad vert vald for to år

Kjerstin Onarheim Haavardsholm vert vald for tre år.

Stord, 8. april 2014



Børge Pedersen



Anne-Grete Sandtorv